## Ufyseleg hundeskit!!

16.02.2015

**- Kan du vera så grei og skriva litt om den ufyselege hundeskiten vi må gå og trakka i når vi skal gå ein liten tur i nærmiljøet, er ei av fleire meldingar vi har fått om temaet. Det er tydeleg at svært mange irriterer seg på hundeskiten som er særleg synleg både i byggjefelt, på fortau og på gang- og sykkelvegen.**
**Sjølv om mange hundeeigarar er flinke å bruka hundepose, er det for mange som sviktar. Dei gjer det utriveleg for turgåarar og må skjerpa seg.**
**- Eg skjønar ikkje at dei vil ha dette på seg, seier ein annan irritert lesar.**
**tid**